

Benedicte Maurseth sin nye CD *Alde* ber bod om at det er ho som skal lyfta arven etter Knut Hamre som den store lyrikaren i Hardingfeleheimen.

Så har då også Benedicte hatt sin meister Knut som lærar og stort førebilete, og ho takkar Hamre for at han ikkje hadde noko ynskje "om å forma meg, men som tillét meg å vera ein skeiv bokstav". CD'en *Alde* er eit resultat av fleire lukkelege omstende. Den første var at Benedicte Maurseth vann Rikskonsertane si lanseringstevling *Intro – folk* i 2007. Det gav felespelaren frå Hardanger høve til å prøva ut nye sider ved seg sjølv – både som formidlar og toneskapar. Den mangeårige facinasjonen for Jon Fosse og hans måte å nytta språket som rytmiske bølger – alder – på. Desse aldene fall saman med Benedicte si kjensle for slåttemusikken sine bølgjer. Men at ho skulle enda opp med å skriva musikken til teaterversjonen av Fosse – romanen "Andvake" sat likevel langt inne.

Då ho endeleg våga å svara ja til dette mektige oppdraget, nyskreiv ho all musikken til teateroppsetjinga på Det Norske Teatret. Sidan premieren i 2009 har ho skrive endå meir musikk som no er komen på CD.

Det er noko magisk dragande over spelet til Benedicte Maurseth. Lågmælt, men samstundes så intenst og fullt av kraft at gåsehuda ligg som ein kriblande kappe rundt deg. Bruken av dei mange underlege felestilla frå Hardanger (og andre feledistrikt) er med på å understreka dei mystiske og manande stemningane. Det vekslar i bråe kast mellom dei varaste og mest lengtande stemningar til dei livsglade og kåte kasta. Alt gjort på Benedicte Maurseth sitt strålande kunnige vis.

Nils Kvamsdal, Avisa Hordaland, 24. Juni 2010.